



Vaksdal kommune

Kommunedirektør

Referanser:

Dykkar:

Vår: 22/193 - 22/1667

Saksbehandlar:

Ann Kristin Bolstad

ann.kristin.bolstad@vaksdal.kommune.no

Dato:

16.02.2022

Innkalling og saksliste til møte i ungdomsrådet i Vaksdal 16. februar 2022

Det vert møte i ungdomsrådet i Vaksdal 16. februar kl. 16.30 – 18.30. Møte vert halde i Formannskapsalen på Heradshuset.

Saksliste:

- 01/2022 Val av leiar og nestleiar**
- 02/2022 Gjennomgang av vedtekter for ungdomsrådet i Vaksdal**
- 03/2022 Presentasjon av ny nettside for Vaksdal**
- 04/2022 Vurdering av tildeling og bruka av midar til arrangement som vart gitt i 2021**
- 05/2022 Val av representantar frå ungdomsrådet til trafikktryggleiksarrangement**
- 06/2022 Frivilligheita sit år 2022**
- 07/2022 Representantar til Fylkesting for ungdom 2022**

Med helsing

Ann Kristin Bolstad
Kommunalsjef oppvekst og kultur

Brevet er godkjent elektronisk og har difor ingen underskrift.

Vedlegg:

- Ungdomskonsert.
Invitasjon til FFU 2022
Vedtekter for Ungdomsrådet i Vaksdal

Post

post@vaksdal.kommune.no
Konsul Jebsensgt. 16, 5722 Dalekvam

Kontakt

www.vaksdal.kommune.no
Telefon +47 56 59 44 00

Konto

Org.nr. 961 821 967

Fra: [Odd Berge](#)
Til: [Ann Kristin Bolstad](#)
Kopi: vintertreffet123@gmail.com; ronny.boge@felleskjopet.no
Emne: Ungdomskonsert.
Dato: tirsdag 21. desember 2021 08:50:29

Hei.

Me i Underhaldningslaget syns da e fint at de har lyst å laga konsert, og at de har ynskjer på arrtist, syns me er flott. Og søknaden frå oss var vel den einaste om tilskot til konsert. Når da gjeld Staysman hadde me også ynskje om at han kunne gjera ein konsert for aldersgruppa 13-16 år. Dessverre så vil ikkje Staysman gjera det. Og me har prøvd ganske lenge å få det til. For nokre år sidan var Freddy Kalas på Vintertreffet og då fekk me da til. Men å ha dei mest kjende artistane er veldig dyrt. Og kvar gong me har fått det til taper me pengar på det. Dette er pengar som underhaldningslaget må dekka med pengar frå andre konsertar. Men me prøver alltid å ha konsert for deka aldersgruppa. På Vintertreffet no i februar vert det også Skulekonsert for ungdomstrinnet 13-16 år med Kanskje Norges flinkaste gitarist Tommy Kristiansen frå Dale. Me i Underhaldningslaget på Vaksdal har holdt på å lage konsertar i mange år, og om de ynskjer så kan me koma å fortelja litt til deko om korleis det går til. Og det kan koma med ynskjer på arrtistar. Om de ynskjer kan nokre av deko få vera med i Samfunnshuset på Vaksdal i samband med ungdomskonserten ,for å oppleva det og på forberedelsene til konserten med Staysman og sikkert få helsa på han og.

Så håpar me på å få behalda dei 8000kr som de har bevilga, det gjer de lettare å få til konsert nesre gong, sjølv om me ikkje klarte få den artisten de ynskjer denne gongen. Målet vårt er å laga noko for alle og me veit det er mange som gler seg til konserten med Stina Talling,.Kanskje vert det og ungdommar frå kommunen som opptrer i lag med ho.

For Vaksdal Underhaldningslag

Odd Berge.

Sendt fra min iPhone



Invitasjon til fylkesting for ungdom 25.-27. mars

25. - 27. mars vert det arrangert fylkesting for ungdom ved **Park Hotel Vossevangen** på Voss. Arrangementet startar klokka 18 fredag og vert avslutta klokka 14 søndag. Sakspapir med program vert sendt ut ca. 2 veker før arrangementet.

Fylkesting for ungdom (FFU) er det øvste talerøyret for ungdom i Vestland fylke. FFU skal arbeide med å ivareta ungdom i Vestland sine interesser og auke samfunnsengasjementet hos ungdomen. FFU arbeider for å fremje ungdomsmedverknad, politisk engasjement og gir innsyn i demokratiet som styreform og folkestyret som grunnverdi.

Kvar kommune i Vestland, uavhengig av folketal, kan sende to delegatar til fylkesting for ungdom. Desse skal veljast frå dei kommunale ungdomsråda. Delegatar stiller med tale-, forslags- og røysterett.

Om kommunane ynskjer å sende fleire representantar er det plass til totalt ti observatørar. Desse stiller med talerett, men utan forslags -og røysterett. Her er det snakk om å vere dei fyrste til å melde frå om ynskje av desse plassane.

Det vert ein eigenandel på 3000kr per deltakar, som dekker alt utanom reise. Avmelding etter fristen vert fakturert fullt ut. Frist for påmelding er 9. mars og gjerast gjennom denne linken: <https://www.vestlandfylke.no/kalender/2022/fylkesting-for-ungdom/>

Det vert lagt opp til dobbel- og trippelrom. Det er mogleg å komme med romønskjer, og vi vil tilpasse dette så langt det er mogleg. Ved behov for enkeltrom må kommunen sjølv dekke ekstra kostnad.

Dersom du ønskjer å kome med innspel til programmet kan det sendast til Mia Holdhus, Mia.Holdhus@vlfk.no. For praktisk informasjon, ta kontakt med Anne Koch Grønlien, Anne.Koch.Grønlien@vlfk.no.

Vestland ungdomsutval ser fram imot å sjå de på fylkesting for ungdom.

Mia Holdhus
leiar

Anne Koch Grønlien
rådgjevar



Vedtekter for Ungdomsrådet i Vaksdal

§ 1 Mandat, føremål og oppgåver

§ 1.1 Ungdomsrådet i Vaksdal er eit demokratisk valt råd med oppgåve å ivareta interessene til ungdommene i kommunen

§ 1.2 Føremål

- Å ta opp til drøfting born og unge sine interesser i kommunen
- Å vera orientert om alle saker i kommunen, gjennom å få tilsendt saksdokument
- Å vera råd for kommunen i saker som vedkjem dei unge
- Setje søkerlyset på å skapa identitet til eigen kommune
- Stimulera til samfunnssengasjement, medbestemming og deltaking blant unge
- Leggja til rette for at ungdom generelt i kommunen får uttale seg om saker

§ 1.3 *Ungdomsrådet i Vaksdal sine oppgåver er blant anna*

- Å fordela midlar til tiltak av interesse for ungdom
- Å styrka det samfunnsmessige engasjementet blant born og unge
- Å skapa møteplassar for ungdom
- Skapa forum der unge generelt kan uttala seg

§ 2 Funksjonstid og samansetjing

§ 2.1 Valperiode

- Ungdomsrådet vert valt for eitt kalenderår, sjå likevel § 2.2
- Nyval innan 1. desember, jf. § 6

§ 2.2 Samansetjing

- Til ungdomsrådet skal det veljast representantar i alderen 13 til 19 år (kan ikkje vera fylt 19 år på valtidspunktet)
- Talet på representantar skal vera 7
- Det skal veljast ein representant frå Vaksdal, ein frå Stanghelle, ein frå Dale, ein frå Stamnes og ein frå Eidslandet/Eksingedalen. Desse vert valt for to år om gongen. Det vert såleis val kvar november, kor ein anten vel 2 eller 3 nye representantar. Ved første valet vert representantane frå Stanghelle og Stamnes valt kun for eitt år, slik at den tilsikta overlappinga vert mogeleg
- Elevrådet ved ungdomssteget på Dale barne- og ungdomsskule skal ha to representantar i ungdomsrådet. Desse vert valt for eitt år om gongen
- Ungdomsrådet står fritt til å oppnemna personar til arbeidsgrupper ved arrangement og andre aktivitetar for ungdom. Her må minst ein representant frå ungdomsrådet vera med

§ 2.3 Konstituering

Ungdomsrådet konstituera seg sjølve, det vil seie at leiar og nestleiar vert valde av dei unge. Kasserar/sækretæfunksjon vert lagt til den vaksne kontaktpersonen frå kommuneadministrasjonen.

§ 2.4 Talerett

- Leiar eller to representantar frå ungdomsrådet kan få talerett i formannskap og kommunestyre
- Ordførar, rådmann, kontaktperson og ungdomsarbeidar har møte-, tale- og forslagsrett på møta i ungdomsrådet

§ 3 Kontaktperson

§ 3.1 Kommuneadministrasjonen peikar ut ein administrativ kontaktperson

§ 3.2 Kontaktpersonen sine oppgåver er:

- Hjelpa ungdomsrådet med å etablera naudsynt kontaktnett med kommuneadministrasjonen
- Syta for at saksdokument i aktuelle saker (som vedkjem ungdomsrådet) som kommunestyret arbeider med vert sendt til medlemmane i ungdomsrådet minst ei veke før møte i ungdomsrådet
- Hjelpa til ved val
- Ha ansvar for kontinuiteten i ungdomsrådet
- Ha ansvar for opplæring, jf. § 6

§ 4 Møteverksemd

§ 4.1 Møte

Ungdomsrådet bør ha to opne møter pr. år der alle ungdommar i kommunen har tilgjenge. I tillegg bør ungdomsrådet ha møte annakvar månad. Elles kan rådet ha møter etter behov.

§ 4.2 Referat

Det skal førast referat over ungdomsrådet sine møte. Den vaksne kontaktpersonen skriv dette.

§ 4.3 Sakskunnskap

Ungdomsrådet kan invitera politikarar og administrasjonen til rådsmøta for å få orientering, stilla spørsmål eller diskutera ei sak.

Ungdomsrådet i Vaksdal skal ikkje handsama saker der heile eller delar av saksframlegget er verna av teieplikt.

§ 4.4 Møteplan

Ungdomsrådet skal i samråd med sin kontaktperson setje opp sin eigen møteplan for kvart halvår. Denne skal sendast til ordførar, rådmann og ungdomsarbeidarar.

§ 5 Dagsorden

1. Opning
2. Godkjenning av innkalling
3. Godkjenning av dagsorden
4. Statusrapport økonomi
5. Handsaming av sakslista
6. Ymse

Årsmelding og rekneskap skal liggja føre og godkjennast på siste møte i året. Arbeidsliste med saker til oppfølging for neste år skal leggjast ved protokollen.

§ 6 Val og opplæring

§ 6.1 Val

Val av representantar til ungdomsrådet skal skje på skulenivå eller på ungdomsklubbane innan 1. desember.

§ 6.2 Opplæring

Opplæring i demokrati/vedtaksprosessar, og innføring i ungdomsrådet sin funksjon og saksgang skal skje i regi av kommuneadministrasjonen innan 1. januar.

§ 7 Evaluering av vedtekten

Vedtekten skal takast opp til vurdering av ungdomsrådet minst annakvart år, med fyrste vurdering mot slutten av fyrste periode, og godkjennast av kommunestyret.